Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 1 2014

Varhaug-bonden
Side 2-3

Jula vert rydda vekk
Side 20-21

Sjakkmatt!
Side 24

"Tøff" fysisk trening
Side 25

Karneval - Svala 4H Side 10 og 11

Varhaugbonden

Kva er det som motiverer denne optimistiske bonden frå Varhaug? Det kan neppe ha noko med generelt god timeløn og solid økonomi å gjere. Sjølv med eit godt resultat må ho eller han heile tida ta omsyn til at marknaden svingar, og at avgjerande faktorar, som etterspurnad etter kjøt, smør eller poteter varierer. Eller at politiske vindkast frå eine eller andre retninga skapar uvisse kring åra som kjem.

Bondelivet anno 2014 er eit liv som krev kompetanse i å handtere endringar som kjem langt oftare og bråare på enn den berømte julekvelden på kjerringa ein gong i året. Kan trivsel i bondeyrket ha noko med ferie og fritid å gjere?

For bonden har jo avløysar. Han får til og med kroner frå staten til å betale helge- og ferieavløysaren med. Og fem vekers ferie? Det gjeld vel for bonden frå Varhaug også? Eg kjenner ingen bønder som har råd, eller som har tid, til å løyva seg sjølv og sin familie fem vekers ferie. Det er vel snarare slik at naboen på Skretting hevjar eit augnebryn eit hakk eller tre når han møter kollegaen i kaffikroken på Fk-butikken og får vite at han og familien har vore ei heil og lang veke i Lyngdal – rett nok i samband med dyreskuet og i forbindelse med at han skulle sjå på ein brukt våtfôringsautomat. Og i forbindelse med at kona si syster som bur i Lyngdal fylte førti år. Så derfor blei det ei heil veke ferie i år.

Men neste år er det over i det vanlege. Det må trass alt vere grenser på luksus. Nei, neste år blir det ei kort langhelg på Sørlandscupen med ungane, visst det ikkje kolliderer med grising eller siloen. Så blir det gjerne eit par dagar i Herning på Agromek for å gire seg opp til vårvinna i mars. Og kanskje for å få med seg siste nytt innan stripebeiting saman med nokre idear til om-innreiing hjå kalvane.

Nei. Det gjeva bondeyrket har ikkje noko med ferie å gjere. Ordna arbeidstid då? For det har dei jo i landbruket. Opp klokka seks. Eit par tre brødskiver med fargelaus fårepølse og eit glas mjølk - og ein halvtime på divanen klokka tolv. Vår og sommar er det doven cola og matpakke i Deeren ei gong det passer å slakke litt på gassen.

Om vinteren inn klokka halv sju om kvelden. Kveldsmat med mor og ungane, Dagsrevyen og Bondevennen i godstolen. Føtene opp og hovudet bak og god natt og takk for samværet – og er sambuaren i godlaget breier ho kanskje på han slumreteppet før ho sløkker lyset og fjernsynet og går til sengs der folk bør gå til sengs – i senga. Så - når han akkurat har sovna, så høyrer han lyden. Særleg skjer dette 24. juni, nyttårsdag, første juledag og første påskedag.

Illevarslande lydar og full alarm i fjøset. Opp og ut. På med lyset og på med kjeldressen. Få opp augo, finne røyrtanga, stenge stoppekrana, fikse drikkenippelen. Fikse døra til bingen, jage purka på plass. Og det er lett! Åleine med ei sta purke klokka halv tre om natta. Utan å ha nokon til å møte eller til å bli med å jage. Etter 12 – 15 forsøk med gråten i halsen og sinnet oppunder hårfestet, og ei rosa purke som hylar i fistel og i dødsangst plar det gå.

Finne vassbøtta og såpestykket, vaske rumpa på den lamtunge sauen, legga seg flat på halmen eller på ein papirsekk over plastrista, inn med armen – ut med det meir eller mindre livlause lammet. Massasje med ein halmdott, peikefingeren ned i halsen for å fjerne slim og sikre luftvegane på den ynkelege skapningen. Få lammet på spenen. Få det til å patta.

Og, endeleg, sjangle inn og opp i senga med hendene godt under dyna så ikkje partnaren skal merke lukta av hendene. For god fjøslukt etter ein fødsel eller ein nattleg kamp med ei laus purke med dødsangst forsvinn ikkje med ein såpevask eller to, eller ein rask nattedusj.

I alle fall ikkje når du likevel er vaken og litt oppskjørta og oppgira, så kunne det vore greitt å lagt handa på den varmaste og naknaste og mjukaste og tryggaste og mest pirrande plassen du veit om. Oppå magen til kona – sånn berre for å sjekka kor landet ligg, liksom . Men du gjer det ikkje. For du har prøvt på det før. Og du kjenner reaksjonen. - Å fysj. Ditt svin. Sjå å få vekk den handa. Eg spyr ditt krettur. Eg vil sova!

Nei, det gjeva bondeyrket kan ikkje ha noko med ordna arbeidstid å gjere. Ikkje med eit særs aktivt sexliv heller – for den del.

Kva er det som er så gjævt med bondeyrket. Er det eit sosialt yrke? Du kan vandre gjennom slaktegrishuset med 200 gryntande fleskeberg utan at du forstår ein snøft av det dei seier og vice versa. Og skjer det noko med ventilasjonen, så får du endeleg ein telefon. Men ein SMS som inneheld ordet alarm, kan neppe kallast ein sosial happening på linje med ein kaffikopp med kollegaen på kontoret.

Lunsj med kneippskjeva med fjorgammalt plommesylt, oppvarma kaffi og skumma kultur, utgått på dato, på kjøkkenet i lag med NRK lokalen kan neppe vere like sosialt som kantina hjå Risaen.

Då må det vere at bondeyrket er det mest bekymringslause og mest helsebringande av alle yrke. Frisk luft og greier. Masse mosjon og gratis trim. Muskelarbeid. Det må vere svaret. Der har me grunnen til at bonden frå Varhaug for tida har inne bestilling på nye betongelement.

Det er berre ei hake eller to. Så vidt eg hugsar så har dei fleste nordsjødykkarane gått på land. Dei levde farleg. No er det ei anna yrkesgruppe som toppar den stygge statestikken. Landbruket – bøndene. Så dei lever farleg. Men det er ikkje farleg om hofta treng utskifting i sekstiårsalderen – så lenge bøndene lever eit yrkesliv utan bekymringar.

Men så syns eg å hugse – frå mine år i fjøs og stall. At det var eit og anna eg var uroa for. Angst for regn og rekningar, for eksempel. Kven har ikkje kjempa mot tida for å berge halmen eller høyet, eller det perfekt forturka graset. Med svart skydekke og buldrande torever i horisonten og innbilte regndropar i nakken. Eg vil gjerne handhelse på den bonden som aldri har lege vaken ei svart uversnott med vill orkan i kasta og venta på at i neste kast forsvinn løetaket. Og kva var den lyden?

- Å søren, der gjekk straumen. Eg vil gjerne ha i tale den bonden som aldri har lurt på kva han eigentleg driv på med når skuffa med rekningar bular som ein avgløymt gjærande dunk med heimebrygg. Eller når han ligg langflat i renna med møkk oppunder øyrene og strevar med ei øydelagd trinse og ein avriven vaier.

Løn for strevet? Kanskje er det dei små gledene i kvardagen? Kanskje det kan summerast i følgjande vers:

Bakom løa bonden står,
sliten, herja, grå i hår.

Skuer Jæren med sin kyst,
kjenner gleda i sitt bryst

Spiredogg på nysådd eng,
tanken på ei varme seng.

Godlyd i frå fjos og hus -
det er bondens beste rus!

God våronn til alle bønder -
og takk for maten!

Sjur Håland

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule og Elgane Motorsykkel klubb.

Styret for Varhaugbuen er:
Leiar
Jon Harald Håland, bedriftsforeninga
Nestleiar
Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbrekk skule
Sekretær
Per Arvid Jakobsen, misjonshuset
Kasserar
Jone Bryne, Svala 4H/BU
Styremedlem
Annette Håland, bondelaget
Varamedlem
Sigbjørn Særheim, skulekorpset
Varamedlem
Runar Odland, bondelaget
Redaktør
Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.
og graset legg om namnlaus grav
ein gløymsleklednad god.
Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend "

Lensmannsgarden

Ny konsert i Løa

Castaway

er eit Varhaugband, som har halde på i 26 år, og desse er med: Leif Ronny Madland 40 år, sang. Sven Arne Vestbø 35 år, trommer. Frank Håland 41 år, gitar + kor. Richard Madland 34 år, gitar+ kor. Oddbjørn Ueland 40 år, bassgitar + kor og Kårstein Bø tangentar.

Bandet øver ein gong i veka, og det går helst i pop rock. I 1993 ga dei ut ei plate, så nå er det vel på tide med ei ny?

Inger Elisabeth Aniksdal

20. mars kl. 19:00 er det igjen klart for konsert i Løa på Lensmannsgarden. Det vert fleire artistar som spelar også denne kvelden. Inger Elisabeth Aniksdal frå Vigrestad har spela seg inn i mange hjarte, og opnar konserten i litt "hippi-aktig" og vise-inspirert stil. Etterpå er det kjende krefter med Varhaug-bandet Castaway som fortset konserten med "Castaway-rock".

Inger Elisabeth sin musikalske bakgrunn er frå klassisk musikk, men ho har dei siste åra orientert seg mot viser i "singer-songwriter" tradisjonen. Ho framfører stort sett eigenproduserte viser. Inger Elisabeth sine viktigaste musikalske inspirasjonskjelder har vore Joni Mitchell og Bob Dylan.

Inger Elisabeth er 27 år og dotter til Hilde og Lars. Ho starta med musikk i kulturskulen. Vidaregåande tok ho på ein privat musikkskule i Bergen, og flytta seinare til Oslo for vidare studering Ho har bachler grad i musikk. For 2 år sidan flytta ho heim til Aniksdal (Indien) i det gamle huset til foreldra, og starta som lærar på Motland. Sangen og musikken er ein viktig del i lives hennes.

Musikarane i Castaway er rotekte Varhaugmusikarar forsterka med ein annan dyktig musikar med Vigrestad-adresse. Castaway er eit veletablert band som starta i 1988. Dei spelar pop og rock og er godt likt av folk i alle aldrar.

Billettane til konserten kostar 50 kr, og vert selde i Bøen Storkiosk frå 10 mars. Ein kan også kjøpa billettar ved inngangen.

Vel møtt!

Arr: Vennelaget for Lensmannsgarden

HRD
HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder: Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 E- mail: runeo@hrd.no

Informasjon om Vennelaget for Lensmannsgarden

Styret i Vennelaget har vore:
Kjetil Skrettingland, leiar
Hans Vigleik Jakobsen, nestleiar
Anny Hagesæter, sekretær
Geir Egil Rosland, kasserar
Solveig Aanestad, styremedlem
Svein S. Varhaug, varamedlem

Byggkomité:
Svein Varhaug, leiar
Dag Skretting
Jon Harald Håland
Arnstein Skretting

Dugnadskomité:
Solveig Aanestad, leiar
Hans Vigleik Jakobsen
Oddbjørg Skrettingland

Komité for innreiing og utsmykking:
Anny Hagesæter, leiar
Inger Kyllesø
Arnstein Skretting
Eva Watne

Arrangementskomité:
Geir Egil Rosland, leiar
Dag Madland
Guri Sollesnes
Kristin Søyland

Revisor:
Irene Hobberstad

Valnemnd:
Gustav M Håland
Kari Nord-Varhaug
Tor Selmer Olsen

For styret i Vennelaget for Lensmannsgarden
Kjetil Skrettingland (leiar)

Medlemstalet i Vennelaget er no 239.

For meir informasjon om arbeidet med løa viser me til nettsida vår;
www.lensmannsgarden.net

Årsmøte i Vennelaget for Lensmannsgarden

Vennelaget inviterer til årsmøte tysdag 18. mars 2014 kl. 19:00 i «Løeståvå» på Lensmannsgarden.

Alle er velkomne til å koma på årsmøtet og teikna seg som medlemmar i Vennelaget. Årsmøtedokumenta kan du nå lesa på nettsida til Vennelaget:
www.lensmannsgarden.net

Lensmannsløa ...

... og som konsertsal

Vennelaget for Løa inviterte 23. januar til konsert med General Forsamling alias Børre Bratland. Stor var både gleda og overraskinga då det viste seg at det var fleire som skulle spela. Først ut var Olav Larsen frå Sandnes som spela gitar og song sjølvskrivne songar samen med Anita Bekkeheien. Det var fine country songar om lengsel og kjærleik. Eg tykte det var eit veldig fint samspel med den mørke stemmen til Olav og Anita sin. Olav syng og saman med «The Alabama Rodeo Stars»

Artist nummer to var Simen Rem. Han er ein kjenning av Børre. Då han høyrde at Børre skulle ha den første konserten på heima bane, kom han med tog frå Notodden for å vera med. Simen har i mange år reist rundt i landet med ymse prosjekt. Mellom anna med faren Håvard, som er forfattar, og der Simen hadde sett melodi til fleire av tekstane til faren. Då kalla dei seg Rem og Rem. Men i Løa framførde han berre sine eigne fine tekstar saman med gitaren.

Så var det Børre Bratland eller General Forsamling sin tur. Han syng ein spesiell blues med ganske mørke tekstar, men eg tykte det var utruleg flott å høyra den djupe stemmen og dei i grunnen kvardagslege orda. Om det var første konserten Børre Hadde på Varhaug, så har han hatt speleoppdrag både i Stavanger og Oslo. Han hadde med seg Erlend Aasland og Tormod Aas som ekstra musikarar.

Børre sa etter konserten at han hadde vore veldig nervøs før denne konserten, det er ikkje alltid bare, bare å møta heimepublikum. Men både Børre og dei andre aktørane klarte seg godt, noko dei mest hundre frammøtte viste å setja stor pris på.

Det var små pausar mellom innslaga, og i den kunne folk få både en liten matbit og noko godt i glaset.

Honnør til Vennelaget for dette arrangementet. Tenk nå har me fått ein konsertsal på Varhaug. Har alt begynt å gleda meg til neste.

Liv Hobberstad

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

NB: Pga. begrensa mengde parkeringsplassar er det berre bevegelseshemma som kan parkera ved løa. Me ber om at alle andre parkerer ved Rådhuset.

General Forsamling =
Børre Bratland

Børre er 38 år, son til Tove og Åge, gift med Beate og har 4 guttar i alder 1-16 år. Han har dei 5 siste åra vore arbeidsleiar ved Jæren Industripartnar på Nærbø.

Som ganske ung begynte han i skulekorpset, og i 9. klasse på ungdomsskulen kjøpte han seg gitar. Han har tidligare skrive mange sangar for gruppa "Silo og Saft". Som General Forsamling har han gitt ut 3 plater. Har planar om ei til, men det får venta til neste år, for då vert det 1 1/2 år mellom alle. Første gong eg høyrde namnet General Forsamling, trudde eg det var fleire, men men nå veit eg at det er berre Børre og gitaren. På spørsmål om kvifor dette namnet, svarar Børre: "Eg såg ein teiknefilm på TV saman med ein av guttane, og der var det ein som heitte General Forsamling. Dette tykte eg var eit kult namn, og så vart det berre slik".

Takkar Børre for drøset og ynskjer han lukke til vidare med musikken hans.

Liv

Varhaugmarken

Grunna alle helgedagane i mai/juni, vert Varhaugmarken iår fredag 30.mai og lørdag 31. mai. Dette må dei gjera for ikkje å kollidera med pinsen og Nærbødagane.
Programmet er ikkje heilt setla endå, men det vert stor i same leist som tidlegare år. Håpar firma, lag og organisasjonar på Varhaug verkeleg visar seg fram desse dagane.

Markenskomiteen:
R. Skretting v/Reidar Skretting
Lars Gaute Sport v/Lars Gaute Bø
Varhaug Servicenter v/Frank Håland
MX Sport v/Harald Lode
Spar Varhaug v/Eilen Odland
Varhaug IL v/Tor Olav Knutsen

Frå redaksjonen

Dette vart i grunnen veldig hektisk. Me hadde i styret sett stoff frist til 28. februar, men så hadde eg sagt til trykkeriet 3. mars (hadde ikkje sett i boka). Når så bladet skulle i trykken den 11. så vart det berre å dura i veg. Heldigvis kom stoffet frå dei ymse aktørane ganske fort.

Eg sat i sist veke og såg gjennom nr. 1 i 2010, 11 og 12 og 13, og lurde på kva eg då hadde skrive. Noko av det eg skreiv I 2010 var at me hadde hatt snø sidan 19. desember året før. Og så var eg oppteken av dei ledige lokala i «stassjoen», og meinte det hadde passa godt med eit bibliotek midt i Varhaug sentrum.

I 2011 nemnde eg alle medaljane me hadde fått i VM. Det året hadde me og turre, brune kjelve. Det var og då handelsslaget skulle verta ein del av Høyland og Jæren, og meinte at her var det viktig at me fekk ha vårt eige bakeri.

I 2012 trudde eg me fekk tidleg vår med ei sol som varma, men så kom den isande vinden frå Sibir med styrke 20, så vart det litt kvitt på kjelvene, så vart den fint igjen, men så auka vinden igjen til styrke 22. (ikkje så ulikt det veret me har hatt i år)

Så i 2013: «Berre flotte veret. Eg kan ikkje huska sist me hadde så mange flotte veker etter kvarandre med sol og vindstille. Her må me berre nyta dagane og koma oss ut på tur. Sjølv om det er litt kaldt. Sprett det opp vårblomar overalt og fuglane er ganske våryre i sangen»

Kva skal ein så seia om veret i år? Me har i alle fall hatt nok av både regn og ikkje minst vind den siste tida, men akkurat i dag var det ganske fint. Det er og mykje vårteikn med blomar og strå som sprett, så nå håpar eg på ein tidleg vår. Det har jo vore ein snø fattig vinter, så eg håper ikkje me får snø i mars, sjølv om det har hendt før.

Så har me gleda oss over gode resultat i OL i Russland. Nå er og Russland mykje framme i media, men det er på heilt andre område enn OL. Får håpa dei bruka vettet.

Eg ynskjer lesarane ein fin vår, og om ikkje så alt for lenge ein god påske.

Varhaug Bygdekvinnelag

Laget for heile bygda - bygda treng oss!

Veke 5 og 6 var dei nasjonale vervevekene til Norges Bygdekvinnelag. Me gjorde det på vår måte, og stilte opp på Spar og serverte gratis både kaffi og nysteika lappar. I tillegg til at me delte ut ymse brpsjyrar, og snakka med folk. Her fekk me fortalt, nok ein gong, at bygdekvinnelaget er eit lag for heile bygda, og ikkje berre for koner som bur på gard. Dette er nok noko som heng att frå gamle dagar, då laget heitte bondekvinnelag. Bygdekvinnelaget er eit moderne lag, som følgjer med tida, og namnet vart for mange år sidan endra frå bondekvinnelag til bygdekvinnelag. Laget er for heile bygda, og bygda treng oss.

Me følte det var ein vellukka dag. Manga stoppa opp for å snakka med oss, og nye medlemar fekk me og. Men det er plass til mange fleire, det er ikkje noko "tak".

Agnes & co stilte opp med fengande musikk, og det sette jo ein ekstra piff på dagen. Folk var fjåge, og mange sette seg ned for ein ekstra frukost med kaffi og lappar, sjølv om det var OL.

Kvart år har bygdekvinnene eit felles tema, og dette året er det **Aksjon sunn matglede.** Me i Varhaug vil til hausten prøva å få til kurs om dette. Er det einkvan som har idear, eller kan

tenka seg å vera med, så vert me glade. Ta kontakt med ein i styret om det er noko du "brenn for".

Lagsmøtet i februar med Helene Lerbrekk, var ein del av Sunn matglede. 44 damer møtte opp, og det var kjempegildt. Sjølvsagt vart det servert sunn mat til kaffien: Sellerisuppe og gulrotkake.

Møtet i mars er sonemøte. Dvs at laga frå Bore, Klepp. Orre, Time, Nærbø og Varhaug er ei sone, og har kvart år eit felles møte. Dette året er Bore bygdekvinnelag vertskap, og møtet skal vera 20. mars kl. 19.00 på Bore Samfunnshus. Inngang kr. 200. **Me møter på Esso kl. 18.00, og fyller opp bilane og køyrer miljøvennleg.**

Torsdag 24. april reiser me til Kviamarka, der me vil få omvisning i eit meieri i drift (dersom det ikkje skjer noko). Me skal vera der kl. 16.00, og omvisninga vil ta ein time. Sidan det er mykje att av dagen, reiser me vidare til Pilgarden i Klepp, for omvisning og litt å bita i. Det vil kosta kr. 100 pr. person. Me er framleis miljøvennlege, og samlast på Esso kl. 15.45. Er det nokon som kun vil reisa til Pilgarden, er det ok. Berre avtal me oss om avreise.

Torsdag 22. mai er den årlege dagsturen, som iår skal gå til Skudeneshavn. Der skal me få litt guiding og middag, kanskje meir underveis. Kva prisen vert, veit me ikkje endå, det kjem an på kor mange me vert.

Påmelding til underteikna tlf 99 10 42 54 innan 1. mai.

Me ynskjer alle saman ein fin vår. Oddbjørg Skrettingland

Oddbjørg Skrettingland

Last ned appen!
Nå også på nynorsk!

Apple®

Google play

TIME SPAREBANK
- for Jæren

Heile gjengen spelar bingo

Alle slags rare folk o

Regine Tell, Luichi Lutsi og cowboyar i fleng kom på karneval i Svala 4H, måndag 3.mars 2014.

52 ungar i flotte kostymer kom på karneval på ungdomsskulen og spela bingo, konkurrerte i quiz, trente på underhaldning, leika stolleik og fruktsalat. Til slutt vart det avgjordt kven som kom i beste kostyme.

Flest stemmer for beste kostyme fekk Regine Tell Varhaug, som hadde pilkogger på ryggen, broren sin flotte bue i armane og vassflaske på hofta.

Svala 4H opplever i desse dagar ein flott medlemsauke. Medlemmane er i gang med årets prosjektoppgåve, men det er plass til fleire, viss noko har lyst å starta i 4H. Medlemsmøtene føregår anten ute eller på ungdomsskulen, ein måndag i månaden.

Kristin Søyland

Sara, Ingrid, Helene, Irene og Kine

Regine Varhaug som bueskyttar

Marita Håland som troll

Karten Lutsi som Luichi

g dyr i Svala 4H

I 4H er det ungdommar frå 10-19 år som er med, og som sjølv driv klubben.

Årets styre består av:
Ragnhild Skretting – leiar
Tobias Ånestad jr. – nestleiar
Jenny Ånestad – sekretær
Lene W. Tjemsland – kasserar
Oskar Omland – styremedlem
Magnus Galtvik – styremedlem

Elin, Othelia, Marita, Helle, Aleksandra, Anita og Maren

Hilde Topdal på sykkeltrening på Forus travbane i regi av Nordsjørittet

Varhaug Sykkelklubb (VSK)

Våren er i anmarsj

Våren er i anmarsj, og Varhaug Sykkelklubb (VSK) er i full gang med forberedelser til ny sesong. Mange av medlemmene har brukt vinteren godt. Noen har trent spinning på VarhaugPulsen, mens de tøffeste har trosset vær og vind og syklet ute.

Påmeldingene til årets ritt er i gang. I midten av mai arrangeres, Garborgriket Rundt. Her er allerede flere medlemmer i VSK påmeldt. En måned senere er det duket for årets viktigste ritt for mange, Nordsjørittet. Dette er bare to av mange ritt som klubbens medlemmer skal delta i.

Det er mange ivrige syklister på Varhaug som VSK ser på som potensielle medlemmer. Er du en av disse, ta gjerne kontakt på mail@varhaugsk.no, www.varhaugsk.no eller vår Facebook-gruppe. Medlemsskapet koster kun 200 kr per år.

Esso
Varhaug Servicenter AS
Tlf. 51430233 - 4360 Varhaug
www.varhaug-servicenter.no

Varhaug Park & Hage
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

NORGESHUS Varhaug
jonharald@norgeshus.no

Hå Hagelag

Eit lag for alle. Ein stad å trivast

Hå Hagelag vart stifta i 1973, og har såleis mange år på nakken. Me har som regel eit arrangement for månaden, og møta vert som oftast på Varhaug skule. I februar hadde me besøk av Palle frå Det Danske Gartneri på Sandnes, og framover våren er planen slik:

Onsdag 19. mars kl. 19.30 kjem Kjell Knudsen frå Orkideforeninga til Varhaug skule og fortel og viser lysbilete om hardføre jordorkidear for hagen. Som vanleg vert det utlodning og kaffekos.

Torsdag 10. april kl. 19.30 i Lensmannsløa vert det eit fellesmøte med arrangementkomiteen for Løa. Då kjem Rolf Eide frå Eides Stauder på Askøy, der han driv eit av Norges største staudegartneri med ei mengd skjeldne stauder.

Onsdag 7. mai reiser me frå Hå Rådhus kl. 17.00 for å dra på handletur til Wiig Gartneri. Når me har handla frå oss, går turen til Rogaland Arboret for omvisning og kaffi.

Onsdag 20. august reiser me og frå Hå Rådhus kl. 1700, for å dra til Helleland og Kitty Dybing som har mykje fuchia. Me dreg vidare på besøk i hagen til Ingeborg Sandstøl, der me og får ein kaffipause.

Onsdag 17. september skal me på nok ein tur med start frå rådhuset kl. 17.00. Då vert det orientering om løkplanter på eit nærliggande gartneri. Plakat om stad kjem seinare.

Berit Kristine Bø er leiar i hagelaget, og med seg i styret har ho Ruth Bjørg Ødegård, Reidar Vigrestad, Astrid Ånestad, Gerd Årdal og Tordis Kverme.

Møtene i hagelaget er opne for alle. I Rogaland er det 25 lokale hagelag med 2720 medlemar.

Hå hagelag har som motto:
Eit lag for alle. Ein stad å trivast.

Du finner det meste hos oss ;-)

Foto: Johan Inge Haukland

STUELAND BYGGET

FIX IT FRISØR
Hår - Sminke - klær

LOTUS
BLOMSTER & GAVER

ditt apotek
– vi gir deg bedre helse

SpareBank 1
SR-BANK

Lars Gaute Sport
sport 1

Storm
tjenester

Fotograf Haukland

VARHAUG
hud & fotterapi

SPAR
Varhaug

VARHAUGS
Pulsen
– He du puls, he me træning!

www.stuelandbygget.no

Porsgrund Bad Trend, hvit matt
90 cm møbel med porselenservant inkl. Damixa Merkur liten servantbatteri med klikkventil og 80x90 cm speil

Før: 14 893,- **Nå: 7 447,-**

Vi har også diverse småutstyr og kjempegode håndkle

RØRLEGGER TEAM AS

Opstadvegen 621, Varhaug
Tlf. 51 79 83 10

Åpningstider
Mandag til fredag 07.00-16.00
Lørdag 09.00-13.00

Innkalling til årsmøte for vennelaget Lerbrekk torsdag 20. mars 2014 KL. 19.00

Tor G. Salte, Konrad Kvitvær og Oddvar Varhaug deltek med song og musikk.

Det vert vanlege årsmøtesaker, matøkt, åresal/utlodding, og høve til å betale kontingenten.

Medlemmer og andre interesserte hjarteleg velkomne.

Grillkvelden i sommar vert torsdag 7. august kl. 18.00 (merk tida)

Helsing Styret

Årsmøte i Varhaugbuen vert mandag 7. april kl. 19.00

Årsmøtepapira vert sendt ut til styret og laga som er eigar av Varhaugbuen.

Mødeplassen

Pr. i dag heng denne plassen i ein tynn tråd. Leigeavtala mellom kommunen og Steinar Haugseng i Sentrumsgården går ut 1.april, og me veit ennnå ikkje om me får forlenga den. Dette vil verta eit stort sakn for både Kirsten Nord-Varhaug (seniordansen), Turid Skretting (bingo og kortspel) og mange andre.

Mødeplassen er eit godt egna lokale til mange slag aktivitetar i sentrum av Varhaug, og som fleire vel vaksne har vorte glad i. Lensmannsløa vert peika på som ein stad der me kan halda fram med våre aktivitetar, men den er ikkje egna til dette på dagtid. Det er jo ikkje parkeringsplass!, og Løestova er heller ikkje brukbar for seniordansen.
Det er viktig å få dei vel vaksne ut av godstolen, og over på ymse aktivitetar, og det har me klart med Mødeplassen, Men koss vert det nå? Trur ikkje dei folkevalde er klar over den gode effekten denne plassen har for mange, mange.
Me får kryssa fingrane og håpa på det beste.

For osss 3 som fekk i stand Mødeplassen: Liv

Rogaland Bygdeungdomslag

Årsmøte og årsfest

Magnhild Aanestad fra Varhaug er på talarstolen. Ho fekk mykkje ros for innsatsen som politisk leier i RBU.

I år vart årsmøtet halde på Varhaug, det var Varhaug Bygdeungdomslag som fekk i oppgåve å skaffe lokale til dette. Me fekk låne gamlesalen på Iden. Den passte også godt til etterfølgende årsfest. Me hadde fått inn vakter frå eige lokallag og i frå venelaget på Lensmannsløå. Det vart dekka langbord og biff stroganoff med godt tilbehør vart servert. Etter desær og kaffi vart premier for tevlingane utdelte. Det var mange glade mottakarar, undertegnede var ikkje ein av dei. Me hadde også basar, med ulike premier.Etter at desse formalitetene var ferdige spelte Shortfingers opp til dans.

Varhaug BU takkar vakter og andre involverte for innsatsen for at denne kvelden skulle gå knirkefritt.

Mvh Ane Eckhoff Varhaug

Avtroppande leiar Olav Varhaug får krus av NBU, som takk for god innsats. Me i VBU vil takka det avtroppande styret for god hjelp og veiledning.

Spelekveld på Bygdeloftet

Varhaug Bygdeungdomslag inviterte til spelekveld, me hadde skaffa kråkekort og andre spel. Dei som møtte hadde lyst å lære å spele kråke, Ane og Leif Egil var instruktørar. Det var eit artig spel, og me koste oss med brus og chips undervegs. Utover kvelden hadde me pizza og bytta til å spele Quiz Dan. Der fekk me testa oss i nyttig og unuttig kunnskap. Styret har vorte enige om at slike kvelder er noko me har lyst å fortsetja med, om det er nokon som er interesserte i å vere med på neste spelekveld, kan de melda dykk inn i gruppa me har oppretta på facebook. Den heiter Bygdalofte på Varhaug, der vil me kunngjera komande datoar for spelekveldar. På desse kveldane er alle velkomne, medlem eller ei.

Med vennleg helsing styret i Varhaug Bygdeundomslag v/Ingfrid Viland

Ny stilling - litt mimring

Etter 35 år som rekneskapsførar ved Hå rekneskapslag vart eg sommaren 2013 pensjonist. Det var litt rart å slutte av etter så mange år på same arbeidsplass. Eg har heile tida tykt at arbeidet var interessant, saman med greie og kjekke kollegaer. Så trivselen har alltid vore på topp. Og eg har hatt kontakt med mange flotte og spennande kundar som er utruleg gilde å prate med. For dei er så jordnære og rett på sak. Ikkje nokon innvikla og omstendelege, men allsidige og dyktige menneske. Det er dei som gir oss mykje av det me puttar i munnen. Dei er bønder, og dei står på. Rett nok er det diverre litt for mange som har gitt opp, og eg kan til ei viss grad skjøne kvifor. Det er ikkje lett å produsere mat til ein pris som står på det same år etter år, medan alt anna stig.

Eg kjem til å sakne desse kundane, men vonar eg treffer dei i ny og ned.

Den nye arbeidsgjevaren min er nå altså NAV. Er det ikkje «naving» som er det nye ordet i språket vårt? Denne arbeidsplassen er mykje friare. Eg kan gå og kome som eg vil, utan å skrive timelister. Med andre ord, eg styrer dagen som det passar meg. Har vore litt spent på om eg greier å ha kustus på meg sjølv. Har ikkje alltid vore så flink til det. Men eg har ein del ting utanom hus og hage som sysselset meg, så det går faktisk betre enn eg trudde på førehand.

Den første tida var Hå Gardsrekneskapslag sitt kontor i 2. etasje i banken, ved sida av tannlege Ødegård. Me høyrde når tannlegen bora i tennene, og ungane grein. Så flytte kontoret over til 2. etasje i gamle banken. Då fekk me betre plass. Men i 1983 flytte me så over til 2. etasje på Felleskjøpet. Her var det så stor plass at me spøkte med at me trong sparkesykkel frå ekspedisjonen og inn til sjefen. Vell, nå er det innreia kontor over det heile. Litt merkeleg, i grunnen sidan talet på bønder minkar. Men det er nok ein god del andre oppdrag enn gardsrekneskap. Og gardsrekneskapa med samdrifter er meir kompliserte enn eit einmannsføretak. Difor heiter det ikkje lenger Hå Gardsrekneskapslag, men Hå Rekneskapslag.

Ting har endra seg mykje på dei 35 år som eg har vore rekneskapsførar. Av og til når datamaskina arbeida tregt, mimra me eldste attende til bokføring med penn og dag-

bok, men eg er ikkje sikker på om det var meint alvorleg. Det er ikkje berre i fjøset ting endrar seg. Trur ikkje at me på slutten av 1970 talet såg føre oss mjølkerobot i fjøset. Ei heller eigen PC på kontoret. Då eg starta som rekneskapsførar var det dagbøker, hovudbøker, reskontrobøker og statusbøker. Me førde mange rekneskap for hand. Av dei rekneskap som vart ført elektronisk så skreiv me kontonummer på bilaga, og desse vart så puncha over på den store holbandmaskina som braka som eit uver. Det vart fullt av små hol på eit smalt, blått band som så vart sendt i ein rull til ein sentral i Oslo. Etter nokre dagar fekk med att øskjer med datalister som kom med Oslo-toget om morgonen. Me henta dei på jernbanestasjonen. For i den tida var stasjonen betjent. Nok ei endring altså.

Holbandmaskina vart historie, men då var me og flytt frå gamle banken og til Felleskjøpet. Me fekk ein datamaskin som me puncha inn data på store diskettar og sende dei til Oslo. Omsider tok datasentralen i Oslo kveld, og me fekk PC 'ar på kontoret. Tre stykk som stod på søre vegg der det nå er to kontor. Ein tredjedel av kundane på kvar maskin hadde me. Dette var i 1987. Kva årstal me fekk eigne PC ar på kontora hugsar eg ikkje. Dataverda er ikkje problemfri. Men me slepp å summere på kryss og tvers. Utviklinga stoggar nok ikkje med dette. Korleis ting fungerer om 35 år, ja, den som lever får sjå.

Om alt var betre før, eller om alt er betre nå – ja, ikkje veit eg. Men livet er spennande.

Takk for meg. Brit Obrestad

Elgane Motorsykkelklubb

Årsmøtet blei holdt 28 januar kl 19.00 i klubbhuset. Det var 31 stemmeberettigede. Leder, Omund Thu tok gjenvalg. Nestleder Anette Håland tok gjenvalg. Kasserer Elin Hobberstad tok gjenvalg. Sekretær Siri E Vagle tok gjenvalg. Styremedlem motocross, ny, Erlend Klingsheim. Styremedlem speedway, ny, Tarald Haaland. Styremedlem ATV, ny, Øystein Frøytlog.

2013 var eit aktivt år for klubben. Speedway arrangerte liga 1 og 2 div, EM 80cc, NC 80 og NM par. Motocross arrangerte NM, Vestlandsmesterskap, All Star / Åpent løp, treningsløp på speedwaybanen. ATV arrangerte treningssamling i juli. Vi arrangerte klubbmesterskap.

Renoveringa av klubbhuset fortsatte i 2013. Det er snart ferdig. Speedwaybanen fikk montert luftputer. No kan det arrangeres internasjonale løp. Alle banene blir godt vedlikeholdt gjennom heile sesongen. Her går det med mange dugnadstimer. Klubben er gjeldsfri.

Klubben har mange dyktige kjørere, som fikk gode resultater i div løp. Speedway: Glenn Moi, Inge Bjerk, Mikke Bjerk, Tage Skretting, Lasse Fredriksen og Espen Sundvor. Motocross har Magne Klingsheim, Mathea Selebø, Martin Haugvaldstad og Erlend Klingsheim. Hos ATV har Morgan Husveg og Andrius vore aktive. Ekteparet Olav og Solveig har kjørt sidevogn. Alle greinene har fått fleire nye kjørere i løpet av året.

Det er alltid plass til fleire kjørere i klubben. Klubben har ei lys framtid, med mange unge kjørere. Vi har lånesykler i alle tre greinene, som nye medlemmer kan prøve seg på.

Klubben skal arrangere treningssamling i påsken. Vi gjeder oss til å komme i gang med sesongen 2014. Velkommen opp til Elgane motorstadion!

av Anette Håland

AH BYGG AS
BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG *hud- og fotterapi*
v/ Heidi Dubland Bø
Føttene trenger også fagfolk !
Mandag og torsdag 15 -19
Tirsdag og fredag 9 - 15
Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)

RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18

Vennelaget Lerbrekk

Jula vert rydda vekk

Den gamle skulen vår er mykje brukt, både til familieselskap og andre ting utanom det som Vennelaget arrangerer. 4. juledag var det juletrefest med godt frammøte. På den årlege graudafesten den 5. desember 2013 var det storm med orkan i kasta. Utruleg nok, det var godt frammøte til ein gilde fest. Skulestova var fint pynta, varm og god. Tarald Ueland hadde eit interessant innslag om besteforeldre før og nå. Den første juletrefesten var 3. juledag i 2000. Seinare gjekk dei over til 4. juledag så det ikkje skulle kollidere med sundagsskulen sine festar. 1. sundag i månaden (utanom mai og desember) er det sundagskafè.

Difor må det vaskast og haldast i orden. Det er 20. dag etter jul, og tid for å rydda vekk julepynt og juletre. Eg har avtale med Sigbjørn om å koma ned og sjå litt korleis gjengen har det. Bilen har gått til streik, så det blir sykkel ein morgon med mykje vind. Søppeldunkar ligg flate og plast flagra om novene, i tillegg til nokre snøfiller. Det gjekk strykande nedover med sør-austen stort sett i ryggen. At det var tyngre heimover gjorde ingen ting.

Sigbjørn hadde vore tidleg borte og fyrt i omnen, så i lærarbustaden var det varmt og godt. Der hadde dei ei lita samling før arbeidet starta.

Vaskegjengen er Olav Varhaug, Johannes Husveg, Sigbjørn Varhaug, Harald Bratland og

Ingvar Reiestad. Denne dagen hadde dei fått forsterking av 5 damer, Astrid Varhaug, Ingfrid Hobberstad, Kristi Husveg, Berit Bratland og Olaug Varhaug, for å ta storreingjering. Ikkje berre vanleg vasking. Det var ut med alle filleryer, tepper og puter. Godt luftever utan regn for ein gongs skuld. Her skulle vaskast både på loft, leilighet, kjøkken og begge skulestovene. –Kva skulle mennene gjort utan konene?

Treet vart fort ribba for pynt og lys, og Olav gjekk til åtak på greinene med greinsaksa. Alt oppi ein svart søppelsekk som ikkje har verdens sterkaste plast. Det stakk ut både her og der. Fram med sopekost og feiebrett, og så støvsuger. Alle stolar blir kvelva opp på bordene, og klar for vasking. Alle visste nøyaktig kva dei skulle gjere. Snart lukta det reint og blenkje over det heile. Ja, eg fekk endå til nye vasketriks av Ingfrid.

Etter at alt er gjort, og alt har fått sin rette plass, er det tid for mat. Alle har med sin pakke med Fjordland som dei varmar opp, og så har dei middag saman. Dette er høgdepunktet. Når mennene har sin faste vaskedag som ofte er ein måndag, har dei kaffi og litt å bita i, før dei går kvar til sitt. Det å gjere noko saman gir eit ekstra fellesskap. Og ikkje minst samlinga etterpå. Greitt med litt «laust og fast» i tillegg. Dugnadsgjengen gjer ein kjempeviktig jobb. Og dei har det gildt saman. Skulen er igjen klar for nye oppdrag.

I 2013 har skulen hatt mykje utleige, så vaskegjengen har hatt det travelt. Sigbjørn Varhaug er alltid på plass og syter for at alt fungerer. Her blir alle møtt med varme.

Brit



Litt frå gamle dagar

Der bygget til Time Sparebank står i dag, var det ei smie då eg kom til Varhaug, og innehavaren heitte Grødeland.

I ei bok eg har som heiter «Det norske næringsliv» - Rogaland fylkesleksikon,, fann eg dette under Varhaug:

«T.L. Tjemsland Smedforrretning. Tlf 12. Firmaet ble startet i 1904 av nåværende innehaver. Virksomheten omfatter smedforretning med utførelse av alle slags smedarbeider som beslag av fjærkjerrer og hjul. Utførelse av steinbukker, økser og merkeklaver. Firmaet drives i egen eiendom»

Per Helvig, (f. 13/11-1919 – d. 15/2-77) overtok seinare smia, og dreiv denne i mange år. I tillegg til å vera ein dyktig smed, er Per Helvig mest kjent som ein ivrig revymann, skibent og sanger. Mellom anna skreiv han prologen til Varhaug idrettslag sin fest 12. januar 1946. Per skreiv og mange viser, og han var sjølv med i ein amatørkonkurranse som NRK arrangerte i Bethania i Stavanger i 1948. Der vart han nummer to med ei vise han hadde skrive om tida han var i militæret «47».

Dette var så vellukka at han fekk fleire brev frå NRK både i april og juni 1948, vedlagt brev dei hadde fått med spørsmål om Per og visa hans, og fleire lurte på om dei kunne få ein kopi.

(Eg skal skriva noko om revylivet på Varhaug til Hå kommune sine historiebøker, og der kjem sjølvsagt Per til å koma med.)

…Underteikna har fått desse opplysningane frå dotter til Per, Marit Hegre, og hun er spent på om det er einkvan som veit kven som står saman med Per her utanfor den gamle smia

Liv

Nytt frå
Misjonshuset

Så var det nytt år att, 2014.

I kyrkjelydsbladet er det flotte artiklar om den årlege Auestadbasaren som vert arrangert 6. januar eller laurdag før. Og frå Homlebølet, der barn og stort sett mødre samlast tysdags formiddag. Nokre fedre kjem óg innom.

For leige av lokale til konfirmasjon må ein vere ute i god tid, leige for 2015 vert trukke rundt 1. mai.

I år er det fortsett mulig å leige på misjonshuset for helga 10-11. mai, Vigrestad sine konfirmasjonsdagar.

Elles er det vanleg aktivitet med møter, basarar, korøvinger, speidarsamlingar og SUNDAG annankvar søndag. Og eit veldig aktivt ungdomslag med ope hus på fredagskveldar og ungdomssamling på laurdagane. Mange flotte tenåringar kjem annankvar fredag til FRES, med ei samling på misjonshuset kl 1900 før ein deltek i ymse aktivitetar på bl.a. skulen.

Eg gjer merksam på kontortida på misjonshuset måndagar og torsdagar kl 1900-2100, og telefon er 51430808.

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover. Internettsida er fornya,- og me håper det kan gjere den meir attraktiv.

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

Nytt frå
Korpset

Det nye styret i korpset er:
Leder: Halldis Lie Byberg
Nestleder: Kjartan Aanestad
Kasserer: Lene Lerbrekk
Korpsrepresentant: Mary Ueland

Musikalsk har året 2013 gått godt, men korpset kunne hatt flere medlemmer. Ved utgangen av året, var det 14 medlemmer, fordelt på 12 i hovedkorpset og 2 aspiranter. Korpset er et storband. Lars Ole Bergersen er musikalsk ansvarlig, og dirigent. De fleste medlemmene har instrumental opplæring via kulturskulen i tillegg til korpsøvelser. Korpset er medeier i Varhaugsbuen, og bruker dette til å informere om hva som skjer i korpset. Vi er også på Facebook. Her ønsker vi at foreldrene liker oss. Korpset har vert med på alle de tradisjonelle spillingene som er i korpsåret, som 17.mai, Varhaugsmarken, julemesse, julegrantenning, synge julen inn o.s.v. I kirken julaften og 1.dag jul hadde vi representanter fra korpset som spilte under gudstjenestene. Vi har hatt spille-oppdrag på åpningen av coop extra og på stuelands-senteret. I juni var vi en dag i kongeparken. Dette ble alternativ til sommertur da det var mange av medlemmene som ikke kunne reise. En av våre medlemmer var på sommerkurs i regi NMF. Vi har også hatt en deltaker på JUBB- jærens ungdom Bras Band. Høstens store begivenhet var deltakelse i konkurransen, Stavanger open. Det var spennende og lærerikt å delta. Mye øving ga gode resultater og tilbakemeldinger. Vi kom hjem med en fin 4 plass i 3.div janitsjar og en solistprid. Styre takker alle musikkanter og foreldre for et rikt og musikalssk år. Uten dere hadde det ikke Vært mulig. Tusen takk skal dere ha. Korpsstyret 2013.

Sigbjørn Særheim

Hå skulesjakk

Bonde c7 til c8 - Sjakkmatt !

Frå ein vanleg øvingskveld i løa.

Skulesjakken blomstrar fortsatt på Varhaug og Vigrestad. No har klubben 50 medlemar, bare gutar. Av dei har 37 fått betalt medlemspengane (200kr) og er innmeldt som medlemar i Ungdommens Sjakkforbund (USF). Dei får då eit juniorsjakkblad ein gong i månaden.

På Vigrestad speler me sjakk på torsdagar kl 1730-1845 på "kulturtorget Vigrestad" som ligg ved sidan av Misjonshuset, rett ved jernbanen.

På Varhaug speler me tysdagar kl 1730 – 1845, og spelestad er «stadlen» på lensmannsløa. Her går det livlig for seg når alle sjakkbretta er i bruk, sist tysdag hadde me 28 spelarar, då var det 3 nye den kvelden.

For å verte registrert i klubben må ein ha namn, fødselsdato, adresse og telefonnummer heim. Og ein kan vere med nokre gong gratis, og dersom sjakk er bra, betalar ein årskontingenten og vert innmeldt i USF og kan vere med i sjakkturneringar som BGP (barnas grand prix) og liknande.

Laurdag 8.mars skal me ha tre 4-mannslag med på Kretsmeisterskap for skulesjakk i Rogaland. Der er det ungdomsskuleklasse og barneskuleklasse. I den siste gruppa skal Hå skulesjakk ha med to lag frå Varhaug barneskule og eitt frå Vigrestad storskule. I ungdomsklassen er me representert på eit lag frå "The British International School" på Gausel.

Laurdag 15. mars vert det Hå-meisterskap som klubben arrangerer. Det vert på Vigrestad i to klassar, nybegynnarar og "veteranar". Her har me plass til 48-50 spelarar i alt. Invitasjon er sendt til alle skulane i Hå, men medlemar i klubben vert prioritert! Påmeldingsfrist er 12. mars.

I neste nummer av Varhaugbuen kjem det referat og bilete frå desse turneringane.

Elles ligg det an til sjakk-OL i Tromsø i august med om lag 2000 deltakarar frå heile verda. Og med Magnus Carlsen som verdsmeister er sjakkinteressa på topp no, og Norges Sjakkforbund arrangerer ein OL-stafett, der Hå skulesjakk er ein av etappane og vil bli avmerkt på eit stafettsjakkbrett som skal innom 30-40 klubbar over heile landet før OL. Det er undervegs til Hå, og skal etterpå til Kristiansund der ein skal ha NM for ungdomslag.

For Vaksne? Framleis har berre ein sagt seg interessert, men dersom nokre har lyst til å spele sjakk, så kan det la seg gjere torsdagar på Vigrestad etter skulesjakken. Ta kontakt på tlf 92617652 dersom du har lyst til å vere med.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid

Bilde fra gradering i desember og flott kake laget av søster til en av klubbens medlemmer.

Hå Karateklubb

"Tøff" fysisk trening

Gradering: Lørdag 7. desember var det gradering i Hå Karateklubb. Vi fikk låne lokaler av Varhaug Idrettslag – stor takk til Varhaug Idrettslag! Medlemmer og foreldre tok med mat og kaker. Ca 45 stk av klubbens medlemmer fikk en høyere grad (belte) og en stolt gjeng med nye diplomer og belter stilte opp til fotografering – etterpå var det mat til alle.

Juleavslutning: 18. desember var var det julekos! Nesten alle medlemmer og mange foreldre/søsken var med. Karneval, gavebytte og gave til alle medlemmer fra Sensei! Etterpå var det god mat til alle laget av Sensei. Dessert og kaker hadde foreldre med! Jill avslutning før jul!

Nybegynnerkurs startet i januar:

Ca 12 stk startet på siste nybegynnerkurs. Nytt kurs starter i september igjen. Klubben har nå 4 gupper på ulike nivå inkl. en ren voksengruppe som trener 2 ganger pr uke. Hver fredag er det trening for alle som ønsker en ekstra "tøff" fysisk trening.

Vestlandsmesterskap og NM: 15.3 reiser ca 10 medlemmer til Bergen for å være med på Vestlandsmesterskap. 29.3 reiser 2 medlemmer for å delta på NM – også det i Bergen. Vi ønsker lykke til!

Gradering og klubbmesterskap: Lørdag 10.5 er det på ny klar for gradering av klubbens medlemmer og lørdag 30.5 blir det klubbmesterskap.

Hå Karateklubb har nå ca 60 aktive medlemmer og trives i lokaler i Stasjonsveien 22 på Varhaug. Mer info finner du på klubbens hjemmeside: www.haa-karateklubb.com eller følg oss på vår Facebookside.

Styret i Hå Karateklubb

Varhaug

Jentene bruker ofte leikeapparata utanfor Sentrumsgården, til venstre Victoria Gravdal og Cecilia Søiland.

Noen kommer, noen går....

Som vel dei fleste vel har fått med seg, så er både kleda og blomane forsvunne i Sentrumsgården. Synd, men kanskje det vert for tungt når ikkje leigetakarane sjølv frontar butikken, men skal bala med innleigd hjelp i tillegg til husleiga. Kanskje er det og me på Varhaug som ikkje er flinke nok til å støtta opp når me får noko nytt i sentrum? Eg personleg er i alle fall veldig lei for at damene i Varhaug Blomster Atlier ikkje lenger er på plass. Det var både flinke og dyktige damer som alltid var veldig imøtekomande.

MEN

nå kjem det snart noko nytt igjen i Sentrumsgården. I april startar ei dame frå Varhaug og ei frå Nærbø ny butikk med namnet "Troll i esken"
Dei skal selja Ringoleiker, garn og diverse syting. Butikken vert naboen til Lekeland.

Britts Galleri

som har utstilling av kunst ved inngangsdøra på aust, har og ein del planer framover.

Siste om bygg:

Haugseng held i desse dagar på med å henta inn anbud på 2. byggetrinn av Sentrumsgården, med 27 små husvære på 50-60 m2.

Både leke- og garnbutikken Troll i esken, Britts Galleri og bygeplanane, kjem me meir tilbake med til neste nummer av Varhaugbuen.

Spreke damer

Kvar mandag kl. 9.30 møtes ein gjeng damer på Iden til ein god times gåtur i nærmiljøet. 3. mars var me 11 damer som hadde ein vindfylte tur opp Buevegen, gjennom Skretting-landmarka, om Ånestad og tibake til Iden. Er det nokon som har lyst til å vera med, så er det berre å møta opp på idrettsplassen mandag kl. 9.30.

Kvar tysdag kl. 10.00-11.00 er det god trim med Sissel Høien i gamle salen på Iden. Her er me ca 20 kvar gong. Me har eit ganske varierande program, og 4. mars var det trening med step og vekter. Etter trimmen er det kaffi for dei som ysnkjer det.

Både gå turen og trimmen er i regi av bygdekvinnelaget, men begge er opne for alle som har lyst å bevega seg litt.

Liv

Slaktaren på Varhaug

Sidan det gamle huset nå er vekke, og dei er i gang med nybygg, tenkte eg det kunne vera på sin plass med litt mimring frå gamle dagar her og.

Ein finn mykje godt i Norges bebyggelse. På Håbet, gnr. 2, bnr 34, og 1.5 da vart det i 1918 sett opp eit hus av lafta plank. R. Skretting kjøpte eigedomen i 1928, og i ei bok eg har frå 1950 står det om verksemder på Varhaug: «R. Skretting, slakter, kjøtthandel og landhandel». Dette siste kjenner ikkje eg noko til. Men frå ei anna bok står det at i 1947 var det slakteri og pølsemakeri og seinare kom det både kjøle og fryseanlegg.

Då me starta med garden i 1969, leverte me alt slakt til R. Skretting, og skulle me handla noko gjekk me ned i kjellaren på hjørna. Då det vart slutt på slaktinga, kom det og ny butikk, og nå kan me sjå fram til både eit heilt nytt bygg og butikk.

Dette vert gildt!

Liv

Coop Extra har fått ny butikk sjef

Kent Helberg er 36 år og kjem frå Hirtshals. Han har fått seg husvære på Høg-Jæren, og kona Lillian og borna; ei jente på 6 og ein gut på 9, kjem til Varhaug til sommaren. Han har fleire års erfaring med Coop i Danmark, der Extra heiter Fakta. Det siste han gjorde før han sette nasen nordover, var å stå for bygginga av eit Velkomssenter i Hirtshals. Dette bygget inneheld, kafe, fleire husvære, kontor til reiseselskapa Fjordline og Smyril Line, samt tollvesen. Kent var med på bygginga frå starten og til senteret stod ferdig.

Dette hadde vore eit ganske omfattnde og stort arbeid, men nå var han og klar for noko nytt.

Jobben på Varhaug fann han på nettet. og tykte det var spanande, og Jæren var jo ikkje så veldig langt frå Hirtshals.

Han søkte, fekk telefon frå personalsjefen om han ville koma på intervju, og han og Lillian reiste . 3 veker etter han hadde sendt søknaden, hadde han skrivi under både arbeidsavtalen og leigekontrakta på Høg- Jæren. Alt gjekk ganske fort, møbler måtte på plass på Høg-Jæren, men 27. november kunne han flytta inn.

Kent ser på jobben som butikksjef på Varhaug som både interessant og utfordrande. Fakta i Danmark er som nemt det same som Extra, så han kjenner igjen konseptet. Han tykkjer butikken er veldig fin etter ombygginga. Extra har dei same varene som Mega, men varene her er 10-15 % billegare. Extra har 6.500 dasgligvarer og så kjem byggmixen, kjøkkentinga, garn osv i tillegg.

Dei har ein stor meieriavdeling, og stort utvalg i frysevarer.

Kent seier han har fått ein kjempefin og positiv mottagelse både frå arbeidsfolka i butikken, frå direksjonen og ikkje minst dei handlande. Han skryt veldig av dei gode medarbeidarane, som vel dei fleste av oss kjenner etter mange år.

Eg sa eg sakna frukt og grønt når eg kom inn i butikken. Men Kent sa at slik desse nå var plassert, var mykje betrte. Nå vart dette noko av det siste ein tok med seg frå handlerunden, slik at frukt og grønt slapp å ligga i korga heilt frå starten.

Og nå kan ein få gratis kaffi i kafe-kroken. Det er det og ein micro, dersom det er einkvan som ynskjer seg noko varmt. Om ein berre set seg ned og slapper av etter handlerunden, har dette vorte ein trivslege plass, og husk; kaffien er gratis!

Eg takkker Kent for eit gildt drøs, ynskjer han velkomen til Varhaug og lukke til som butikksjef.

Liv

15 år

Varhaug Bedriftsforening

Varhaug Bedriftsforening ble stiftet 10. mai 1999 og vi er inne i et jubileumsår. Arbeidet med å etablere foreningen startet våren 1998. Navnet den gang foreningen ble etablert var Varhaug Handels-, Håndverk- og Industriforening. Det første styret besto av leder Mindor Jelsa, nestleder Egon Lobekk, sekretær Heidi Friestad, kasserer Gordon Bøe og styremedlem Einar Danielsen. Endring til dagens navn ble vedtatt for 10 år siden, den 23. april 2004.

Formålet har imidlertid vært uendret i alle år: å fremme handelen og medlemmenes interesser og stimulere til forpliktende samarbeid mellom medlemmene.

Et dypdykk i gamle styreprotokoller er en reise i nyere historie, fram til det Varhaug sentrum vi kjenner i dag. Det har dreid seg om opparbeidelse av gater og torg, blomster og julepynting, rydding og forskjønnelse. Og om marken og identitetsbygging - blant annet gjennom bladet du holder i hendene nå, om sauen og hesten på torget og arrangementet under Nordsjørittet.

VBF har jevnlige medlemsmøter med aktuelle tema. Medlemsmøtene, og den sosiale delen av årsmøtet, er også en arena der medlemsbedrifter blir kjent med hverandre.

VBF har gjennom årene hatt dialog med kommunale saksbehandlere og politikerne, i møter og gjennom innspill til planer og saker under arbeid. Foreningen har også sett utover egen bygd for å få inspirasjon og idéer. VBF har på mange arenaer lirket og lempet for å dytte utviklingen i den retning som har vært i medlemmenes interesse.

Riktignok er Varhaugsmarken mer enn dobbelt så gammel som Varhaug Bedriftsforening, men markenskomiteen er nå en egen underkomité i VBF.

Selv om alle medlemmene er enige i VBFs formål: å fremme handelen og medlemmenes interesser og stimulere til forpliktende samarbeid mellom medlemmene, sliter foreningen, som resten av organisasjonslivet, med å få kandidater til verv, og med å få frivillige til å stille opp.

Det er årsmøte i Varhaug Bedriftsforening fredag 14. mars. Årsmøtepapirene med kandidater på valg er sendt medlemsbedriftene. Har du glemt å melde deg på, kan du ringe leder Ingeborg L. Omdal på tlf 93259970, så blir det sikkert ei råd med plass. Vi gleder oss til vårt første årsmøte i Løeståvå!

Medlemmene i markenskomitéen velges ikke, lag og organisasjoner utpeker sine representanter. Her er alle gode krefter velkomne til å ta i et tak! I år er marken 30. og 31. mai, og komitéen ser slik ut: R. Skretting v/Reidar Skretting, Lars Gaute Sport v/Lars Gaute Bø, Varhaug Servicesenter v/ Frank Håland, MX Sport v/Harald Lode, Spar Varhaug v/ Eileen Odland og VIL v/Tor Olav Knutsen. Alle næringsdrivende, lag og organisasjoner på Varhaug oppfordres til å delta på marken!

Og så ønsker vi alle Varhaugbuer en fin vår, og en god, lokal handel!

MARKENSTELTENE

Noe som har tynget de frivillige i foreningen er markensteltene. De krever mye vedlikehold og administrasjon, begynner å bli gamle, og har til dels vært et «ork» for markenskomiteen og teltforvalter. Diskusjonen har gått på om vi skal kaste dem, eller gi dem en sjangs til. Vi har spurt om de andre næringsforeningene i kommunen vil ha dem, men ingen har vært interessert.

Det har og vært diskutert hvem som egentlig eier dem, og som kan avgjøre deres videre skjebne. Markenskomitéen og styret har landet på å tilby dem til lag og organisasjoner i Hå. Hvis det er flere om beinet blir det loddtrekning, og de som mottar dem må hente dem og finne lagerplass sjøl. Og må binde seg til å delta med stand på marken – i hvert fall så lenge teltene henger i hop! Interresenter kan henvende seg til markenskomitéen v/ Reidar Skretting på tlf 419 33 446. Dette gjelder både de små teltene og det store teltet der det tidligere bl.a var frokostservering.

Lerbrekk brua

Nå trur eg, (håpar eg) at dette er siste gongen me skriv om denne brua i Varhaugbuen. Det er ganske skammelig koss diverse uvesen har halde folk på Varhaug nærast for narr i mange år.

Men nå kan i alle fall nokon gleda seg litt, for brua er gjort klar for små køyrety. Nytt rekkverk er det og, reine velstanden. Utruleg at det måtte gå så lang tid å koma fram til dette resultatet.

NB! Skilt er kome opp og klossane støypte, men det er ikkje heilt klart til køyring. Det var vistnok nokre meir skilting som måtte koma før ein kunne ta vekk hindera og opna vegen. Kor lenge må ein venta på dei tru?

Ryddegjengen

Ein del av den trivslege gjengen som rydder i sentrum av Varhaug ein gong for veka, tek seg ein velfortent pause på Spar.

Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
10. mai

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer i JPG format.

Plukk opp!

TILBUDENE GJELDER
FK BUTIKKEN VARHAUG

TID FOR KALKING OG GJØDSLING

FK HAGEKALK
25 KG GRANULERT

79,-

HELGJØDSEL
SEKK 15L

199,-

FK HAGEGJØDSEL
25 KG

299,-

FK Varhaug Tlf 51 77 14 70 Åpent 8-17 (9-14)

FK butikken
fkra.no/fkbutikken

Psssst! Visste du at årets hotteste farge er blågrønt? Fargerike er både best på farger *og* billig!

Tilbudene gjelder fra
13. til 22. mars 2014

Nå får du 20% rabatt på en mengde parkettgulv!
Naturen er fantastisk! Forskjellige trematerialer har forskjellig farge, karakter og mønstre. I vårt utvalg av parkett finner du garantert noe som passer dine individuelle krav.



Årets Farge er blågrønt
Blågrønt er en kombinasjon av nordmenns to favorittfarger. Besøk oss i dag for å se kartet!

149
Halv pris!
2,7 ltr
Baronesse
Basic

2,7l Baronesse Basic
Vanntynnet akrylforsterket veggmaling. Kan blandes i mange lyse fargenyanser.

FARGERIKE HALVORSEN
Varhaug - Tlf. 51 43 61 00

FARGERIKE